

NVE
Eigedomsskattekontoret
e-post: nve@nve.no

Gol, 11.03. 2023

avsender:
Per- Helge Myklebust
Lauvlia 5, 3550 Gol

Vår e-post.:
ph.m@online.no

Dykkar ref.:
201104057 -112

Innspel til søknad om Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal

Eg takkar for brev frå dykk som fylgje av innspelet mitt i tilsvarande sak i 2013.

Eg minnest ikkje i farten høyringsuttalen eg gav i 2013, men meiner hugse det hadde med vassmiljøet å gjere, herunder minstevassføring. Eg opprettheld merknaden med tillegg som fylgjer nedanfor.

Når det no er nytt og stort fokus på samfunnet sitt behov for rein energi i det grøne skiftet og som fylgje av krig i Europa (3. verdskrig?) så meiner eg samfunnet og NVE som konsesjonsmyndighet må drøfte fylgjande:

1. Vatn – ein viktig, men avgrensa ressurs med mange føremål.
Det blå elementet og berekraftig utvikling (naturmangfald, sosialt og økonomisk)
2. Energitilgang i nasjonal, europeisk og global samanheng. Korleis og kva nyttar vi dei ulike energiressursane til? Kan framtidige generasjonar nokon gong få nok energi a la forbruksnivået i vesten? Kan det seiast ja til alt, eller må det seiast nei til noko dersom det ikkje skal få negative konsekvensar for framtidige generasjonar?
3. Dei store blå elementa i Gol tettstad: Hemsil, Hallingdalselva og Rusteåne er viktige naturområde i Gol Tettstad der både det sosiale (friluftsliv) og forretningsmessige potensialet er stort og ikkje utnytta.

Dagens kraftutbygging oppfattar eg hadde to hovedføremål:

1. Primærmålet: sikre mot flaum.
2. Sekundærmålet: energi
3. Som tredje mål og avbøtande tiltak vart det utført miljøtiltak og innført krav til minstevassføring, heimfallsrett og skattelovgjeving som sikra at nokon verdier vart att i lokalsamfunnet. Når teknologien og økonomien/ prisane no er endra dramatisk og tilpassa ein frisleppt marknad ute av kontroll, registrerer vi generelt i samfunnet sterkt press på minstevassføring i vassdraga våre. I Gol såg vi sterkt døme på dette i Tisleifjorden i heile 2022.

Eg meiner difor det er særst viktig for lokalsamfunns- utviklinga at temaet minstevassføring vert utgreidd på nytt.

Gol kommune har nyleg varsla oppstart av arbeid med planprogram for ein kommunedelplan vassdrag, vassforsyning og avlaup. Eg sender difor kopi av dette brevet til Gol kommune.

Med helsing

Per- Helge Myklebust

Per-Helge Myklebust

- jordskifte kandidat -

Kopi til: Gol kommune
Naturvernforbundet avd. Hallingdal v/ Olav Arne Løstegaard